



Arkivsaknr: 2025/4952-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Vikingsen Honning - Søknad om støtte til bedriftsutvikling

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Søknad om støtte til bedriftsutvikling vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Vikingsen Honning er eit enkeltpersonføretak. Bransje: 01.490 Husdyrhold ellers. Registrert 07.09.2022. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Vikingsen Honning er ei verksemd lokalisert på Hjelmås. Verksemda starta opp hausten 2022 og innehavar av verksemda er sertifisert birøktar og medlem i Norges birøktarlag og Bergen og omegn birøktarlag. Vikingsen Honning driv med birøkt, sal av honning og andre bieprodukt.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. september 2021 og er forventa gjennomført 10. oktober 2026. Verksemda har sidan oppstarten investert i bieutstyr til om lag 30 bifolk, honningslynge, container til slyngerom, honningrørar, samt grafisk profil. På grunn av varroamidd og andre ukjente årsaker har verksemda mista 6 av 7 bifolk.

Prosjektet har som føremål å vidareutvikle birøktverksemda gjennom investering i fleire bifolk og naudsynt utstyr. Det er søkt om støtte til investeringar i nye bifolk og birøktmateriell.

Prosjektleveranse / målsetting

Verksemda søker no om støtte til å kunne investere i nye bifolk slik at ein kan utvikle verksemda mot målet om næringsrøkt. Prosjektet har eit langsiktig mål om å byggje opp ein næringsbirøkt med 30–40 bikubar innan 10 år. Videre har verksemda eit mål om å innvintre 15 bifolk innan oktober 2026. Det er forventa at tiltaket vil bidra til lokal næringsutvikling, berekraftig matproduksjon og mogeleg framtidig sysselsetting.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til bedriftsutvikling	69 500	34 750	20 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemdar, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søker sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydelig effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Vikingsen Honning viser eit solid engasjement for å utvikle ei lokal og berekraftig næringsverksemd innan birøkt i Alver kommune. Verksemda har investert betydelege egne midlar i oppbygginga av føretaket sidan oppstarten, og har etablert seg med relevant kompetanse og utstyr. Dette viser både vilje og evne til å gjennomføre prosjektet.

Videre har prosjektet har eit klart definert mål om å byggje opp næringsrøkt med inntil 30–40 bifolk over 10 år, med eit konkret delmål om 15 bifolk innan 2026. Det legg til rette for lokal matproduksjon, styrking av biologisk mangfald og berekraftig bruk av naturressursar. Prosjektet har også ein potensiell sosial dimensjon gjennom involvering av familien, noko som styrkar gjennomføringsevna og forankringa i lokalsamfunnet.

Alver kommune vurderer prosjektet til å vere i tråd med måla for næringsfondet. Det legg til rette for utvikling av lokal matproduksjon og berekraftig næring i Alver. Det er dokumentert personleg innsats, investeringar og relevant kompetanse i birøkt. Tilskotet vurderast som avgjerande for å sikre vidare utvikling av verksemda og byggje opp produksjonen etter tap av bifolk.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Søknad om støtte til bedriftsutvikling vert tildelt 20 000 kroner frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

1 Soknad-2025-0015.pdf